

Høyring om justering av hovudgudstenesta

Svar på høringsspørsmål frå Etne sokneråd, Sunnhordland prosti, Bjørgvin bispedøme

Først av alt: Det opplevast ugreitt at all dokumentasjon, inkl. høyringsbrevet, berre kommer på bokmål. Det er ikkje verdig ei landsdekkande kyrkje der to målformer er sidestilt.

1a: Hvordan mener dere gudstenestereformen har påvirket gudstenestelivet i deres menighet og i Den norske kirke?

Gudstenestereforma så langt den har gått føre seg til no, har skapt usikkerheit, misnøye og fortviling. Den trufaste kyrkjegjengar har med eitt kjend seg framandgjort i si eige kyrkje, og viktige felles referansar er rive bort.

Det er ikkje lett å sjå at korkje stadeigengjering eller lokal deltaking har blitt mykje større. Samtidig har det vore greitt å vere nøydt til å arbeide med dette, med liturgi og refleksjon omkring. At både prestar, musikarar og kyrkjelyd har kjent på kva det gjer når det trygge forsvinn, har ikkje vore galt

Men alt i alt har heile reforma så langt vore noko vi gjerne kunne vært forutan.

Høringsspørsmål 3e: Er dere enige i at samlingsbønnen ikke lenger blir obligatorisk, men et valgfritt ledd?

Samlingsbøna ELLER Dagens bøn bør vere obligatorisk. Det har fungert svært bra med samlingsbøn, men då har Dagens bøn blitt opplevd som for mykje.

Dersom ein vel å ha inngangsbøn, bør det opnast for at Dagens bøn kan bli bedt her.

"Flere mener at når en har innledd gudstenesten med prosesjon, kan samlingsbønnen virke litt unødvendig, da en allerede er kommet godt i gang med gudstenesten. Dessuten kan det bli for mange bønneledd i gudstenestens innledende del."

Vi har aldri opplevd at samlingsbøna har verka unødvendig, sidan det å be i starten av ei gudsteneste kjennest veldig rett.

Dagens bøn, derimot, har verka som overlessing når inngangsbøna er bedt.

Høringsspørsmål 3 f: Har dere endringsforslag eller kommentarer til leddet syndsbekjennelse i høringsforslaget?

Syndevedkjenninga frå 77-liturgien hadde formuleringar som trefte mange heime. Den bør vere eit alternativ.

Ei syndevedkjenninga med utgangspunkt i Bibelens salme 51 bør også vere eit alternativ.

Høringsspørsmål 3i: Er dere enige i at ledd 8 Dagens bønn blir obligatorisk i alle hovedgudstjenester, og ikke et valgfritt ledd?

Nei, ikkje einig. Dagens bøn bør utelatast her, og heller vere eit alternativ som inngangsbøn.

Høringsspørsmål 4: Har dere endringsforslag eller kommentarer til hoveddel II. Ordet?

Her har vi nokre synspunkt:

1. *Del ein av svaret på spørsmål 4 i høyringa handlar om ordninga for gudstenesta.*

Ein bør stå under all lesing av Guds ord.

Det er svært uheldig at ein skal sitje medan noko av Guds ord blir lest, men stå medan andre delar blir lest. Det er merkeleg at liturgien blir nytta til å markere at det skulle vere forskjell på Guds ord. Ved å reise seg for evangeliet, markerast det at desse tekstane er viktigare eller meir verd vår vyrdnad enn tekstar frå Det gamle testamente og breva. Men vår tru er at heile Bibelen vitnar om Kristus.

Dessutan er det jo vel kjent at evangelia er mellom den yngste litteraturen i Det nye testamente, altså den som er fjernast frå Kristus i tid ved nedskriving.

Difor kan det synest som ein litt ureflektert tanke om at sidan evangelia handlar om Jesus, er dei meir verdt å stå for enn t. d. Paulus sine brev. Men Paulus så vel som profetane og Mosebøkene handlar alle om Guds frelsesplan, og til sjuande og sist om Kristus.

Ved å markere forskjell i grad av viktigkeit ved at vi reiser oss for nokre av Bibelen, men ikkje for alt, er ikkje opplevinga at ein aukar respekten for noko av Guds ord. Tvert om er signalet at andre delar derimot er av mindre betydning. Dette er uheldig.

Vi bed om at ein anten står for alt, eller tar den praktiske tilnærminga og sit for all tekst. Prinsipielt er det jo ikkje noko i vegen for det, for ein sit jo alltid medan evangeliet blir lest langfredag.

2. *Del to av svaret på spørsmål 4 i høyringa handlar om ordninga for gudstenesta.*

Det opplevast merkeleg at ein vel å gå frå ein 5-delt ordo til no berre å ha fire delar. Det er vanskeleg å sjå gode argumenter for denne endringa, og høyringsdokumentet bidrar ikkje i så måte.

Vi vil ikkje at hovudpunkt 4: Forbøn skal utelatast.

Det er så enkelt pedagogisk i møte med kyrkjelyd eller t. d. konfirmantar å gjere greie for meininga med dagens femdelte ordo som ei oppskrift på alt menneskeleg samvær, også når vi er saman med Gud. Det er lett å forstå:

- 1 – Inngang: Ein blir ønskt velkommen.
- 2 – ordet: Ein høyrer Gud tale.
- 3 – forbøn: Ein gjev eit tilsvart.
- 4 – nattverd: Ein et i lag.
- 5 – sending: Ein går velsigna frå samværet.

Dessutan er det eit viktig diakonalt aspekt ved å ha del 4 – forbøn som eit eige punkt i gudstenesta. I allfall når kyrkjelydens vel å ha kunngjeringar på sin tradisjonelle plass etter salmen etter preika. Då blir opplevinga slik:

1. Gudstenesta og høyring av ordet er kyrkjelydens samlande fellesskap.
2. Men i kyrkjelyden skjer det også mykje anna – kunngjeringar.
3. Som kyrkjelyd er vi del av eit større heile, og difor bed vi både for det som skjer lokalt, men også for kyrkja i Noreg og verda og likeins for heile verda som så.
4. Deretter viser vi at vår bøn er meir enn berre prat – når vi reiser oss og bed ikkje berre med munn og tanke, men med våre pengar. Slik blir diakoni ikkje berre ein plan som diakoniutvalet til soknerådet snakkar om, men noko som skjer frå sundag til sundag for *heile kyrkjelyden*.

Dessutan er det ei uheldig samanblanding når det skal gjerast eit liturgisk poeng av at elementa til nattverden blir bore inn saman med våre pengar. For medan sjølv det minste barn forstår at vi ikkje kan drive kyrkjelyd utan økonomisk støtte, ønskjer vi ikkje at korkje barn eller vaksne skal leiast til å tru at Gud treng våre gåver for å gje oss sin nåde. Difor er det godt å halde desse to åtskilt: Offeret og frambringning av nattverdens element.

Å gjere vårt takkoffer til ein del av nattverdsliturgien synest merkeleg og i grunnen lite luthersk.

Høringsspørsmål 5c: Er dere enige i at takkofferet inngår i nattverdliturgien, og ikke i forbønnsleddet?

Det er veldig vanskeleg å forstå bakgrunnen for dette valet, bortsett frå høyringsbrevet vage "enigheten som uttrykkes i den Felles luthersk-katolske minnemarkering av reformasjonen" der sitatet bekrefter vår reservasjon mot sammenblanding av offer og nattverd, i det ein må gå til ein nekting for å finne støtte hos Luther: Luther kunne likevel se...

Vi er svært usamld i at offeret blir ein del av nattverden, sjå svar under høringsspørsmål 4.

Høringsspørsmål 7: Har dere kommentarer eller endringsforslag til hoveddel IV. Sendelse?

Det bør vere valfritt om kyrkjelyden skal stå under siste salmen eller ikkje. Å reise seg under siste salme fungerer fint om ein er 60-80-100 menneske til stades, men er mest kleint når ein berre er 6-8-10. Då blir det å reise seg berre ei forsterka markering av at ein er få til stades.

Ein bør heller satse på å stå under all tekstlesing, sjå svar ovanfor.